

# Årsmelding 2013 for Støttegruppa etter 22. juli, Sogn og Fjordane

Støttegruppa vart skipa 4. desember 2011 i Stryn Kulturhus. På årsmøte i 02. mars 2013 vart det valt følgjande styre:

Leiar Maria Hovland Faye, Flora  
Styremedlem Nils P. Støyva, Stryn  
Styremedlem Ingrid F. Vereide, Eid  
Styremedlem Kolbein Fridtun, Stryn  
Styremedlem Øyvind Seljeset, Hornindal  
1. vararepr. Ida Kristin Skålbones  
2. vararepr. Inge Sveen

Maria Hovland Faye trekte seg som styreformann i april månad. Kolbein Fridtun tok på seg å vere leiar, mens Maria Hovland Faye sa seg villig til å vere sekretær. Gjennom året viste det seg vanskeleg å få styremedlemmane til møte opp på styremøta. Det vart difor halde nytt årsmøte 25.09.13. Det vart då gjort følgjande val:

Leiar Kolbein Fridtun  
Nestleiar Nils Støyva  
Sekretær, Ida Skålbones  
Styremedlem Øyvind Seljeset  
Styremedlem Ingrid Fridtun Vereide  
1. varamedlem Ida Skålbones  
2. varamedlem Inge Sveen

Som nemnt tidlegare har oppmøte på styremøta vore svært dårleg. Styret har ved fleire høve ikkje vore vedtaksført. Nils Støyva har i praksis fungert som sekretær utan at han har vore valt til det.

Styret har hatt fire styremøte, samt fire møte i arbeidsutvalet(leiar og nestleiar). Det har vore tre hovudarrangement i 2013.

1. 22.07 markering i Stryn sentrum
2. Vennesamling i Bergen 22-24.11
3. Fagleg arrangement og julebord på hotell Loenfjord 07.12

## **22.07 markering i Stryn sentrum**

120 personar møtte opp på arrangement ved minnesmerke i Stryn sentrum. Nils Støyva og Bjørn Lødemel heldt minnetale og la ned krans. Også ordførar Sven Flo helsa og markerte at det var to år sidan dei grufulle hendingane på Utøya.

Etter arrangementet deltok 70 personar på ei samling med matøkt på Smak kafe. Etter serveringa vart det framført vakker felemusikk som Hanne Kristine var så glad i.

Kolbein Fridtun hadde innlegg og takka alle som deltok på arrangementet. Støttegruppa dekkar alle kostnader med arrangementet.

### **Vennesamling i Bergen 22-24.11**

I helga 22-24.11 vart det arrangert vennesamling i Bergen. 26 ungdomar deltok på tilskipinga. Ida, Ingrid og Kolbein hadde kontakt med ungdomane. Kolbein organiserte påmelding, reise osv. Inge Sveen og Kolbein Fridtun organiserte og laga eit opplegg for samlinga. Samlinga hadde følgjande innhald:

- Fagleg innlegg av Atle Dyregrov
- Felles måltid
- Sceneshow, Grieghallen "Jakten på ærligheten"
- Byvandring/handling, tur til Fløyen
- Sosialt samvær

Tilbakemeldinga frå deltakarane har vore svært positiv. Den faglege delen var svært motiverande. Føredraget til Dyregrov handla om utfordringar ungdom står ovafor i måten å handtere sorg. Korleis takle sagn og lengsel over tid var også eit sentralt tema. Det vart sett av mykje tid til sosialt samvær og deltakarane fekk høve til å minnest Hanne Kristine Fridtun på ein positiv måte. Støttegruppa betalte reise, hotell og fagleg seminar for samlinga. Det er særskild grunn til å nemne arbeidet som Inge Sveen la ned for å organisere og styre samlinga i Bergen Utan Inge sin innsats hadde arrangementet ikkje vore mogeleg å gjennomført på ein vellukka måte.

### **Juleavslutning og fagleg arrangement på hotell Loenfjord 07.12**

Det vart arrangert juleavslutning og fagleg seminar på hotell Loenfjord laurdag 07.12. Alle medlemmane i støttegruppa var inviterte. 27 personar deltok på arrangementet.

Arrangementet hadde følgjande agenda:

- Innleiing til fagleg samling.
- Kåseri/innlegg ved kulturarbeidar Hans Jakob Reite. Han hadde fokus på å sjå framover og tenkje positivt. Humor og motivasjon var andre stikkord han hadde for sitt innlegget.
- Kulturelle innslag.

Etter det faglege seminaret var det julebord og sosialt samvær. Støttegruppa dekkar utgiftene til reise, hotellopphald, fagseminar og julebord. Tilbakemeldingane på arrangementet var svært positive.

### **Lys og minneplate på minnesmerke i Stryn sentrum**

Til 22. juli vart det montert ei messingplate på minnesmerkje i Stryn sentrum. På plata står følgjande: «*Dette minnesmerket er reist for å hedre dei 77 ofra etter terroraksjonane i regjeringsskvartalet og på Utøya 22.juli 2011. Hanne Kristine Fridtun f. 15.08. 1991 frå Stryn miste livet på Utøya.*»

Eva og Kolbein Fridtun samt styret i støttegruppa har også arbeidd for å få lys på minnesmerke. Det vart blitt halde fleire møte med Stryn kommune om saka. Etter mykje fram og tilbake kom lysa på plass 15. november.

Kolbein engasjerte seg i denne saka og gjorde ein stor innsats for å få lyssettinga på plass. Resultatet vart svært bra og gjer til at minnesmerke framstår endå meir verdig.

### **Deltaking på andre arrangement**

Støttegruppa i Sogn og Fjordane har vore representert på ei rekkje møte i løpet 2013. Kolbein og Eva Fridtun har vor med på desse arrangementa, men også andre har vore representert.

Styret gjorde vedtak om å dekke kostnader med desse arrangementa:

- Fylkesleiarsamling på Sunnvolden Hotel
- Årsmøte Nasjonal støttegruppe
- Årsmøte i støttegruppa i Møre og Romsdal
- Erfaringskonferanse arrangert av Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Mammatreff og pappatreff i Ålesund
- Likemannstur for etterlatte til Kalvåg
- Likemannstur i Oslofjorden kombinert med tur til Utøya (7 personar deltok)
- Likemannsmøte for Møre og Romsdal i Kristiansund
- Likemannsmøte i Sula

### **Økonomi til støttegruppa.**

Rekneskapen til støttegruppa kan oppsummerast gjennom følgjande nøkkeltal:

Saldo/bankkonto pr 31.12.2012	157.986,54
Driftsinntekter	298.763,00
Renteinntekter	238,47
Driftskostnader	261.615,37
Årsresultat 2013	+37.386,10
Saldo/bankkonto pr 31.12.2013	195.372,64

### **Forklaring til rekneskapen.**

- Gjensidigestiftinga har gitt støttegruppa eit tilskot kr 200.000.
- Kommunane Stryn, Gloppen og Sogndal har gitt eit samla tilskot på kr 98.763.
- Kostnaden med årsmøte 02.03.2013 vart på kr 18.050.
- Minnemarkeringa 22.07.2013 hadde ein kostnad på kr 18.100.
- Vennetreffet i Bergen og juleavslutninga/fagseminaret på hotell Loenfjord hadde arrangement utgifter på kr 72.353.
- Det er betalt ut honorar til fordrag (Atle Dyregrov og Hans Jakob Reite) på kr 27.931
- Utgifter til fly-, buss- og båtbilletter er 95.081. Dei største utgiftene har ein hatt i samband med vennetreffet i Bergen, juleavslutninga på Loenfjord og turen til Utøya.

Stryn 01.03.2014

sign.  
Kolbein Fridtun  
styreleiar

sign.  
Nils Støyva

sign.  
Ingrid Fridtun

sign.  
Maria Hovland Faye

sign.  
Øyvind Seljeset

sign.  
Ida Skålbones

Sign.  
Inge Sveen